

# Årsmelding 2021 Kommunik

Frå og med årsmøtet i 2021 har styret vore samansett slik:

- Ingvild Dverseth Sæter, Møre og Romsdal fylkeskommune, styreleiar
- Trond Magne Henriksen, Troms og Finnmark fylkeskommune, styremedlem
- Elin Stokkenes, Innlandet fylkeskommune, styremedlem
- Tor H. Halvorsen, Voss herad kommune, styremedlem
- Siw Anett Stråle Enerud, Asker kommune, styremedlem
- Dag Folkestad, Askøy kommune, varamedlem med møteplikt
- Wanja Richardsen, Agder fylkeskommune, varamedlem med møteplikt

## Aktivitetar i 2021

### Styret sitt arbeid

Styret har hatt 11 digitale møte i 2021. Vi hadde eit fysisk styremøte i Asker i september, for å planlegge Høstsamlinga.

Mellom møta har styret hatt dialog gjennom e-post, telefon og styret si eiga Facebook-gruppe. Det største arbeidet i 2021 var planlegging og gjennomføring av Høstsamlinga. Samlinga vart flytta til november på grunn av koronaen. Vårsamlinga og årsmøtet i april vart gjennomført digitalt.

### Uttale til helsemyndighetene

På initiativ frå medlemmane vedtok årsmøtet ein felles uttale med tittelen: «Ønsker bedre struktur på korona-informasjonen fra sentrale helsemyndigheter». Denne vart sendt til folkehelseinstituttet og helsedirektoratet med kopi til NTB og Kommunal rapport.

### Fagsamlingar

I 2021 arrangerte vi tre digitale webinar for medlemmane, inkludert vårsamling:

- **3. mars: Klimakommunikasjon.** Innleiarar var Mads Nyborg Støstad frå NRK og Astrid Arnslett og Christian Bjørnæs frå Cicero. 23 deltok
- **15. april: Vårsamling.** Innlegg: Hat og trusler mot lokale folkevalgte; omfang og omkostninger, v/ Lise Spikkeland i KS og Ytringsfrihet og offentlighet for folkevalgte, v/ Anine Kierulf UiO / Norges institusjon for menneskerettigheter (NIM). 63 deltok
- **9. juni: Slik treffer du de unge i 2021** v/ Cecilie Staude. 68 deltok

### Høstsamling 10. – 11. november.

Samlinga vart lagt til Asker, og hadde fire tema: universell utforming, hvordan når vi målgruppene våre, krisekommunikasjon og bærekraft. Samlinga hadde 106 påmeldte, noko som er ny rekord for Høstsamlinga. I evalueringa av samlinga svarte 99 prosent at dei var tilfreds eller svært tilfreds med samlinga.

Samla fekk vi meget gode tilbakemeldingar på programmet, foredragshaldarane og gjennomføringa generelt. Over 98 prosent sa dei ville anbefale Høstsamlinga til andre. Det kom også inn fleire konkrete ønske på aktuelle tema til samlingane framover.

Kommunik har hatt tradisjon med å la Høstsamlinga gå på rundgang hos fylkeskommunane, medan Vårsamlinga har vore lagt til Oslo. Frå og med 2023 ser styret gjerne at Høstsamlinga igjen kan bli arrangert andre stadar i landet.

#### Program dag 1:

- Skråblikk på koronaen v/Ken Andre Ottesen fra BAdesKen
- Velkommen til Asker v/Lars Bjerke, kommunedirektør i Asker kommune
- Nye krav til universell utforming – hvordan oppfyller vi krava?  
Hva er godt nok, hvor høyt må vi legge lista? v/ Sigbjørn Råsberg, Tilsynet for universell utforming av IKT
- Hvorfor er det viktig med universell utforming? – sett fra brukeren v/Guro Soelberg Martinsen i Molte AS
- Hvordan når vi de som ikke er digitale? v/Hans Olav Lahlum
- Hva med Facebook? v/Bjørn Erik Thon, direktør i Datatilsynet
- Hvordan når vi de eldre? v/Björg Karin Bjåland Buttedahl, kommunikasjons sjef i Pensjonistforbundet
- Hvordan når vi innvandrere? v/Randi Kvåle Iversen og Ragnhild Sofie Rygg, kommunikasjonsrådgivere Asker kommune
- Hvordan når vi «generasjon Z»? v/Fredrik Sahling, direktør salg og marked i Redningsselskapet

#### Program dag 2:

- Når en stor krise rammer en liten kommune v/Anders Østensen, ordfører i Gjerdrum
- Når politiet kommuniserer i krise v/Roger Pettersen, innsatsleder i Øst politidistrikt
- Slik arbeider politiet med kommunikasjon v/Eli Anne Tvergrov, kommunikasjonsrådgiver i Møre og Romsdal politidistrikt
- Hvordan har vi jobbet med FNs bærekraftsmål i Asker kommune? Kommunikasjons bidrag og rolle v/Vibeke Lindeberg Sand, kommunikasjonsrådgiver Asker kommune
- Hvordan bør man snakke om bærekraft? v/Petter Gulli

#### Status medlemmar

Styret har diskutert at potensialet for fleire medlemmar er større, og at mange som arbeider med kommunikasjon i offentlig sektor, sannsynlegvis ikkje er klar over at vi eksisterer.

Kommunikasjonskanalane våre ut til medlemmane er nettsida og ei lukka Facebookgruppe. Innkallingar og informasjon som skal gå til enkeltpersonar skjer via e-post. Etter årsmøtet i 2021 blei det rydda i gruppa slik at den no berre er for betalende medlemmar. Frå og med 2021 er det berre betalende medlemmar som blir lagt til i gruppa.

Vi har ikkje gjennomført spesielle tiltak for å auke medlemsmassen i 2021, men såg at fleire meldte seg inn i forkant av webinar og Høstsamling. Vi hadde som mål å nå 250 medlemmar i løpet av året, og endte på 239 ved slutten av året. Styret vil sjå på fleire tiltak for å stryke medlemsmassen i 2022.



**Kommunik**

[www.kommunik.no](http://www.kommunik.no)

## Økonomi

Inntektene til Kommunik består av medlemskontingent og deltakaravgift til fagsamlingane. Dei største utgiftene går til gjennomføring av fagsamlingar. I 2021 var det to år sidan sist vi hadde ei fysiske samling, og styret vurderte at det var økonomisk grunnlag til å kunne bruke ekstra midlar både til programmet og den sosiale delen av samlinga. Ved årsskiftet hadde Kommunik 680 000 kroner på konto, og gjekk med ei overskot på 106 247 kroner i 2021.

Sidan hausten 2019 har ØkonomiBistand tatt seg av faktureringa og regnskapet til Kommunik. Dette fungerer bra og gir mindre arbeidsbelastning for styret. I tillegg har vi fått betre system fakturering, oppfølging av betalingar og purring.

Molde, 22. mars 2022

  
Ingvild Dverseth Sæter

styreleiar